

Fra: Per Morten Ekerhovd (Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no)

Sendt: 20.06.2017 16:45:39

Til: siv.kvalheim.berg@bygdanytt.no

Kopi: Janne Værnø; Odd Kenneth Mellingen; David J Aasen Sandved

Emne: VS: Bulla-huset på Osterøy

Vedlegg: image001.png

Hei!

Bullahuset på Osterøy er mellom dei finaste komponistheimane på Vestlandet. Huset og landskapet har stor verdi som ein del av minnet etter Ole Bull, men er også eit viktig kulturminne i seg sjølv. Eigaren har gjennom mange år lagt for dagen eit godt arbeid og har sikra heimen for ettertida. Der er me han stor takk skuldig.

Hordaland fylkeskommune har gjennom ei rekkje år løyvd monalege midlar til drift av huset og eigedommen – nettopp av di me ser at det er store kostnader knytt til vedlikehaldet. Me har likevel respekt for at eigaren er bekymra for den økonomiske børa og er gjerne med på å drøfte framtida for Bullahuset.

Det viktigaste for kulturminnestyremaktene er at huset vert sikra, lagt til rette og brukt slik at ein tek i vare Ole Bull sitt minne. Samtidig bør ålmenta få høve til å oppleve det fine anlegget. I si tid var det tilsvarande utfordringar i høve andre kunstnarheimar, mellom anna Lysøen, Siljustøl og Troidhaugen. Desse er i dag del av Kunstmuseet KODE. Det er ikkje sikkert at dette er ei aktuell løysing for Bullahuset, men det lyt vi finne ut i samråd med eigaren, Osterøy kommune og andre.

Med helsing,

Per Morten Ekerhovd

Kst fylkesdirektør kultur og idrett



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Kultur- og idrettsavdelinga

Tlf: 55 23 91 87 | Mob: 95 76 04 81

www.hordaland.no

Fra: Siv K. Berg [<mailto:siv.kvalheim.berg@bygdanytt.no>]

Sendt: 20. juni 2017 11:18

Til: Hilde Joranger Mæland <Hilde.Maeland@hfk.no>

Emne: Bulla-huset på Osterøy

Hei!

Siv Berg frå Bygdanytt her. Vi har nylig hatt en sak på Ole Bull-huset på Valestrand i Osterøy kommune. Eier av huset forteller at utgiftene løper, og pengene han får inn rekker ikke alle utgiftene. Nå er han usikker på fremtiden til huset, samtidig som at han ønsker at huset skal være i familiens eie.

Tenkte jeg skulle lage en oppfølging og høre med fylkeskommunen om saken. Hvem er det jeg kan kontakte?

Siv K. Berg

Bygdanytt

92 25 18 32